



Kandidatpresentasjon  
frå valrådet i  
Bjørgvin bispedøme

# Kyrkjevalet 2015

## Indirekte val, november 2015

# Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven  
som skal sitja i bispedømerådet og på  
Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»  
i perioden 2015 - 2019.

### Bli kjent med kandidatane

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvifor stiller dei til val? • Kva meiner dei?



Førtrykk: dragefjellet.no  
Trykk: GROSET™



# Er alt vald. Kan ikkje veljast

## 1. Inger Helene

Thingvold Nordeide

54 år. Selvstendig næringsdrivende.  
Førde, Sunnfjord prosti.

**SATSINGSOMRÅDER:** Gudstjenesten //

Trosopplæring // Diakoni // Misjon

**1. Jeg stiller til valg fordi:** Jeg ønsker å være med å påvirke i de valgene kirken skal gjøre etter skilte fra staten.

**2. Kirkens visjonsdokument (2015-2019)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirken som • Bekjennende • Åpen • Tjenende • Misjonerende. Hvordan vil du arbeide for å virkelig gjøre dette? Dette er positivt forpliktende for alle med oppgaver og verv i kirken vår. Jeg ønsker at denne visjonen skal være styrende og gjenspeiles i alt som skjer, både i gudstjenester, lokale kirkelige aktiviteter, debatter og vedtak. Evangeliet skal bringes klart og tydelig til alle mennesker.

**3. Hva mener du om vigsel av likekjønnede par i Den norske kirke?** Det er en ordning jeg ikke kan støtte. Jeg mener at ekteskapet er for mann og kvinne.

**4. Forholdet mellom staten og kirken er i endring. Hvilke framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgiveransvar i kirken?** Dette er store og viktige spørsmål som vi er underveis med i kirken. Rekruttering både til teologistudier, andre kirkelige stillinger og til frivillig tjeneste må det arbeides aktivt med på flere plan. Ny organisering og endring av arbeidsgiveransvaret i kirken er krevende ting å få på plass, men åpner også for gode endringer som én arbeidsgiverlinje.

**5. Hvordan vil du legge til rette for at kirken kan holde sammen på tross av saker med stor**



### Arbeidserfaring / utdanning:

1998 - 2001	Arbeids- og organisasjonspsykologi
2002 -	Personalpsykologi
2008 - 2010	Coaching
2008 - 2010	NLP (Nevrolingvistisk programering)
2009 - 2010	Lightning process practitioner

### Kyrkjelege verv:

1978 - 2006	Søndagsskolelærer
1999 - 2006	Styreleder for kyrkjeblad
2006 -	Medlem av redaksjonen i kyrkjeblad
2009 - 2015	To perioder i Bjørgvin bispedømmeråd, den første perioden som vara
2011 - 2015	Medlem av gudstenesteutvalget

### Offentlege og andre verv:

1998 - 2002	Medlem av styret for Sunnfjord folkehøgskule i to perioder
1998 - 2002	Medlem av helse- og sosialutvalget i Førde kommune

**uenighet?** Ved å fremme dialog og respekt for ulike syn. Vi må alle øve oss i toleranse og gjensidig respekt der vi har avvikende syn. ●

# Er alt vald.

## 2. Nora Sætre Baartvedt

# Kan ikkje veljast

21 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole, Voss, Hardanger og Voss prosti.

**SATINGSOMRÅDE:** Betra tilbodet i kyrkjå for ungdom etter konfirmasjonen // Fleire unge involvert og engasjert i kyrkjå og gudstenestelivet // Rekruttering til kyrkjeleg utdanning // Gjera kyrkjå meir aktuell og interessant for ungdom

**1. Eg stiller til val fordi:** Det er viktig for meg at kyrkjå, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkjå vår.

**2. Kyrkjå sitt visjonsdokument (2015 - 19) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?** Det er viktig at kyrkjå legg til rette for at ungdommar kan vera med slik at dei held på trua gjennom ungdomsåra. Vi treng gode tilbod i kyrkjelydane der ungdommar kan vera med og bidra slik at trua kan få eit utspring. Det er viktig at kyrkjå er open for alle og ikkje ekskluderer ungdom fordi dei ikkje kjenner seg heime. Vi treng at kyrkjå misjonerer for ungdom, slik at kyrkjå framleis kan vera viktig i landet vårt.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kirkja?** Eg er for at likekjønna par skal få gifte seg i kyrkjå. Eg klarar ikkje finne eit sterkt nok grunnlag for å sei nei.

**4. Tilhovet mellom staten og kyrkjå er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeids-gjevaransvar i kyrkjå?** Eg meiner at arbeids-gjevaransvaret bør liggja hjå bispedømmeråda.



### Arbeidserfaring / utdanning:

2011 - 2012 Trondarnes Folkehøyskole  
2013 - 2016 Fyllingsdalen vidaregåande

### Kyrkjelege verv:

2013 Delegat Ungd. kyrkjemøte  
2013 - Friviljug i klokkarlaget i Voss  
2013 - 2015 Leiar Ungdomsrådet i Bjørgvin  
2014 UKM-delegat til Kyrkjemøte

### Offentlege og andre verv:

2013 - 2015 Elevrådsrepresentant

Biskopane skal også i framtida ha ei tydeleg rolle i kyrkjå. Forholdet mellom rådsstrukturen og biskopane må difor også i framtida utfylle kvarandre. Kyrkjå skal vera ein god og attraktiv stad å vera arbeidstakar. Det betyr at kyrkjå bør ha dette som eit viktig fokusområde. Det bør og bli meir fokus på rekruttering til kyrkjeleg utdanning.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkjå kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Nokre sakar skapar stor usemje. I desse sakane og i desse tidene er enno viktigare at me står saman sjølv om me er ueinige, at me gjenom respektfull og god dialog kan koma fram til noko me kan leva med. Sjølv om me meiner forskjellige ting, så er me alle saman sysken i trua, og difor er det så viktig at me tek vare på kvarandre. ●

### 3. Karl Johan Kirkebø

# Er alt vald.

65 år. Markedsdirektør Bønes, Fana prosti.

# Kan ikkje veljast

**SATSINGSOMRÅDER:** Åpen og inkluderende // Styrke sognet // Ungdomsarbeid // Engasjere frivillige // Relevans i lokalsamfunnet

**1. Jeg stiller til valg fordi:** Jeg har et brennende engasjement for kirken og for det den kan bety for den enkelte og for lokalsamfunnet. Jeg er urolig for utviklingen og er redd for at kirken er i ferd med å bli mer og mer konform og at det dermed blir lavere takhøyde og høyere terskel. Utviklingen fra statskirke til selvstyre og konsekvens for blant annet finansiering må også tas tak i. Med min bakgrunn fra økonomi og strategi og mitt engasjement, tror jeg at jeg kan bidra.

**2. Kirkens visjonsdokument (2015-2019)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirken som • Bekjennende • Åpen • Tjenende • Misjonerende. Hvordan vil du arbeide for å virkelig gjøre dette? Få folk til å komme til kirken ved å gjøre den åpen og inkluderende, fokus på frivillighet, ta vare på de ansatte, forkynne det glade evangelium om Jesus, også med ord.

**3. Hva mener du om vigsel av likekjønnede par i Den norske kirke?** Dette er en viktig signalsak som jeg støtter. En åpen og inkluderende kirke må gi fulle retter til homofile. Jeg mener også at kirken kan leve med to syn i saken og jeg er for en reservasjonsordning.

**4. Forholdet mellom staten og kirken er i endring. Hvilke framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgiveransvar i kirken?** Jeg tror det er nødvendig med en samlet arbeidsgiverlinje for å bedre samarbeidet og utnytte ressursene best mulig. Det er viktig å ikke tape av synet at kirkens bærende enhet er sognet, at den enheten styrkes og ikke de sentrale. Slankest mulig sentralt byråkrati. Om kirken forblir åpen og inkluderende, vil



#### Arbeidserfaring / utdanning:

1971 - 1976 Siviløkonom NHH  
1993 - 2006 Forskjellige direktørstillinger innenfor salg og forretningsutvikling i inn- og utland.  
2007 - Markedsdirektør OCS

#### Kyrkjeloge verv:

1987 - 1994 Stiftelsen Bønes interimskirke  
2000 - 2012 Styre- og redaksjonsmedlem, menighetsblad, Fana prosti  
2001 - 2011 Bønes men. råd., 7 år som leder  
2002 - 2009 Medlem/leder Fana prostiråd  
2010 - 2011 Medlem Bergen Kirk. Fellesråd

#### Offentlege og andre verv:

2014 President, Lions club Bergen, Løvstakken

det gi liv og vekst. Da vil vi også styrke rekrutteringen, fordi flere vil føle seg hjemme. Der som vi snevrer inn og som en konsekvens får et øket fokus på homogenitet, vil det motsatte skje.

**5. Hvordan vil du legge til rette for at kirken kan holde sammen på tross av saker med stor uenighet?** Først og fremst ved å fremelske mangfold og gjensidig respekt i dette mangfoldet. Det er veldig få saker som er slik at de kun har et evig riktig svar. Vi må bygge en kultur der det er fint at vi har forskjellige løsninger og svar, det betyr at det er plass til flere. Strid om hvem som har rett uten å respektere hverandre er ødeleggende. ●

## 4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen.  
Osterøy, Åsane prosti.

**SATSINGSMÅL:** Ungdom i kyrkja //  
Tydelegare profil for kyrkja // Styrka fellesskapet  
// Open og demokratisk kyrkje // Bibelen som  
fundament //

**1. Eg stiller til val fordi:** Kyrkja vår står ovefor store utfordringar i tida framover, og eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis ein kan løysa desse utfordringane. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømmerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)**  
presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande  
• Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Eg ønskjer å arbeide for at kyrkja skal få ein tydelegare profil, der vi i større grad uttrykkjer at Bibelen er den høgste autoriteten i spørsmål om korleis ein kristen livsførsel utarter seg. Samstundes ønskjer eg å arbeide for at vi skal bli sett på som ei varm og imøtekommende kyrkje som er open for alle. Eg kjem til å utfordre til dialog om korleis vi kan tenkje nytt om fellesskapet i kyrkja. Kva kan vi gjera med gudstenesta, kyrkjelokala og aktivitetstilbodet i kyrkjene for å auka fellesskapskjensla blant dei som går i kyrkja? Eg trur at vi, ved å styrka fellesskapet i kyrkja, lettare vil få høve til å tene kvar andre. Eit imøtekommende og tenande fellesskap vil også gjera det tydelegare at kyrkje-gjengrarar utøver trua si, som kan virka misjonerande for folk som møter det.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg meiner at det er vanskeleg å argumentera for at ekteskap mellom likekjønna vert velsigna i Bibelen. Bibelen er ein tydig i skildringa av ekteskapet; som ein livs-



### Arbeidserfaring / utdanning:

2008 - 2011	Framnes kristne vidaregåande
2011 - 2012	Hedmarktoppen folkehøgskule
2012 - 2013	Bildøy Bibelskole
2013 - 2015	Bachelor i nanoteknologi, UiB

### Kyrkjelege verv:

2012 - 2013:	Eittåring i kyrkjesokna på Osterøy
2013 - 2015:	Medlem av Gjerstad Sokneråd
2013 - 2015:	Styreverv og engasjement i Student-KRIK og Gospel Bergen.
2013 - 2015:	Engasjement i Salem Ung

varig union mellom mann og kvinne. Etter at felles ekteskapslov vart innført i 2009 så svarer ikkje lenger den allmenne definisjonen av ekteskapet med skildringa i Bibelen.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Eg trur at vi som kyrkje bør streve etter å ha ein flatare struktur i framtidia. Staten legg ikkje lenger føringar for korleis kyrkja skal organiserast, og eg trur at vi framover bør streve etter å gi alle medlemmane så mykje makt til å avgjere i saker som mogleg. Eg meiner difor at kvart sokn bør få retten til å tilsetje prestar sjølv, så lenge tilsetjinga skjer i tråd med føringar som vert vedtatt på Kyrkje-

møtet . Eg meiner at det først og fremst er folkevalde representantar som skal ha makt til å avgjere saker på Kyrkjemøtet, medan utvalde prestar og tilsette skal ha tale- og nominasjonsrett. Dette er for å sikre ein demokratisk struktur i kyrkja. Kyrkjemøtet skal sjå til at midlar som skal brukast for å tilsetje prestar vert formidla til alle sokn etter behov.

### **5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?**

Vi i Den norske kyrkja har i dei siste åra brukt mykje tid og krefter på saker med stor usemje, og det er lite som tyder på at vi kjem til å bli heilt samde med det første. Eg trur det er viktig at vi lyfter blikket, og heller går saman om saker som samlar oss. Korleis kan vi få folk, og spesielt ungdom, til å kjenna på eit sterkare eigarskap til kyrkja? Korleis kan vi i større grad ta vare på dei svakaste i samfunnet vårt, og korleis stiller vi oss til fattigdom, krig og klimaproblema som står framom oss? Korleis kan vi gjere kyrkja til ein stad der folk kjenner seg meir velkomne? Dette er alle utfordringar som eg trur vi kan stå saman for å møte. Eg trur vi ta eit stort steg i riktig retning om vi fokuserer på sakene som er til oppbygging i staden for dei som splitter oss. ●

## 5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/Lærerhøgskolen.  
Meland, Nordhordland prosti.

**SATSINGSMÅRÅDE:** Styrke frivilligheten //  
Styrke trosopplæringen // Fremme misjons-  
perspektivet // Hellig kirke

**1. Jeg stiller til valg fordi:** Jeg er blitt spurt,  
kanskje fordi jeg har erfaring fra bispedømme-  
råd og Kirkemøtet. Som lek kirkegjenger ser jeg  
det som positivt at folk på grunnplanet er med  
og bestemme hvor kirken skal gå videre i den  
nye situasjonen som kirkesamfunn heller enn  
statsskirke.

**2. Kirkens visjonsdokument (2015-2019)**  
presenterer Den evangelisk-lutherske folke-  
kirken som • Bekjennende • Åpen • Tjenende  
• Misjonerende. **Hvordan vil du arbeide for å**  
**virkeliggjøre dette?** Ved å delta aktivt i den  
lokale menigheten og bruke de gavene og res-  
sursene jeg har fått til å tjene og utføre det jeg  
kan og eventuelt blir valgt til.

**3. Hva mener du om vigsel av likekjønnede**  
**par i Den norske kirke?** Ut fra det kristne  
synet på ekteskapet fra Bibelen, at det er en  
institusjon for en kvinne og en mann, må jeg si  
nei til at kirken skal gå inn for å lage en liturgi for  
vigsel av likekjønnede par. I tillegg er den nye,  
ekteskapsloven knyttet opp til flere andre lover  
som ikke styrker barnets interesser.

**4. Forholdet mellom staten og kirken er i**  
**endring. Hvilke framtidsutsikter ser du for**  
**rekryttering, organisering og arbeidsgiver-**  
**ansvar i kirken?** Det kan bli en utfordring å få på  
plass de organisatoriske ordningene som vi tren-  
ger nå. Rekruttering av prester er like mye et an-  
svar for utdanningsinstitusjonene som for kirken.  
Likevel påligger det kirken oppgaven å forkynne  
fram et personlig engasjement for tjeneste i  
kirken. Hvordan arbeidsgiveransvaret skal for-  
deles, eventuelt samles, må kirkemøtet avgjøre.



### Arbeidserfaring / utdanning:

1972 - 1979	Cand. philol, kristendomsfag
1985 - 1994	Lektor i ungdomsskolen,
1994 - 1997	Høgskolelektor, HiB
1996 -	Høgskolelektor, NLA Høgskulen Breistein

### Kyrkjelege verv:

2006 - 2009	Medl., landsstyret i Normisjon
2009 - 2011	Nestleder i Meland sokneråd
2011 - 2015	Medl. Bjørgvin bispedømmeråd
2012 - 2015	Kontrollkomiteen i Normisjon

### Offentlege og andre verv:

2008 -	Varamedl., styret for Dronning Mauds Minne Høgskolen
2013 - 2015	Ansattes styrerepresentant, NLA

**5. Hvordan vil du legge til rette for at kirken**  
**kan holde sammen på tross av saker med stor**  
**uenighet?** Det er ingen ny situasjon at kirken er  
uenig «med seg selv» på ett eller flere områder,  
men jeg tror ikke at jeg kan legge til rette for  
samhold «tross alt». Der det er grunnleggende  
uenighet om Guds ord, om tilliten til Guds ord  
som overordnet menneskevisdom for liv og  
lære, kan jeg ikke se at den kan holdes sammen  
uansett. ●

## 6. Marius Økland

**29 år. Adm. leiar, Normisjon region Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti**

**SATSINGSMÅL:** Kristent barne- og ungdomsarbeid // Evangelisering og diakoni i andre land (ytremisjon) // Samarbeid med dei frivillige organisasjonane // Satsing på unge vaksne og familiar // Diakonalt arbeid

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei. Evangeliet har ikkje gått ut på dato, men samværssformer kan endre seg. Eg trur vi må tenkje mindre formalia og meir relasjon. Vi skal ikkje først og fremst halde ved like kyrkja som organisasjon, men bygge levande fellesskap som saman ærar den treeinige Gud.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folke-kyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Fellesskap er relasjoner og det må vi jobbe meir med. Eit vedkjennande fellesskap er eit fellesskap som veit kven det er. Vi må altså bygge både relasjoner og kunnskap om kva ein vedkjenner. Vi må bygge stoltheit over kva ein tilhører! Ei opa kyrkje er ei kyrkje der vi snakkar sant om livet. Der vi er opne om at livet er sårbart og viktig å ta vare på. Vi er alle skapt av Gud og uendeleig verdifulle for han, og det må få konsekvensar for korleis vi inkluderer kvarandre i fellesskapet. Vi har vår verdi knytt til kven vi er, Guds barn, og ikkje på grunn av kva vi kan. Det er i relasjoner ein tener. Det er i relasjoner ein kan vere misjonerande. Å invitere nokon med på gudssteneste, hjelpe den unge mora som er blitt



### Arbeidserfaring / utdanning:

2002 - 2005	Allmenne, administrative og økonomiske fag, Bømlo vgs.
2005 - 2006	Førstegongsteneste, Forsvaret.
2006 - 2009	Bachelorgrad, teologi og leíing, NLA Høgskolen Staffeldsgate
2009 - 2012	Konfirmantlærar, kyrkjelydane i Eid (Nordfjord)
2009 -	Regional leiar for Acta i Sogn og Fjordane.

### Kyrkjelege verv:

2004 -	Lokale styre- og leiarverv, Indremisjonssamk. og Normisjon
2001 - 2005	Søndagsskulelærar
2009 - 2012	Konfirmantlærar, Eid

### Offentlege og andre verv:

2008 - 2009	Studentrepresentant, styret NLA Høgskolen Staffeldsgate
2013 - 2015	Styrelieiar, Austrheim barneh.

gravid, eller be innvandraren fram til nattverd kan vere livsforvandlande.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg har ei tradisjonell luthersk forståing av ekteskapet som ei livslang pakt mellom mann og kvinne. Eg forstår Bibelen si tale på dette området som klar og at dette også gjeld som rettleiing for oss i dag. Eg meiner at kyrkja ikkje kan eller skal vigsle likekjønna

par. Vi skal samtidig jobbe aktivt for å unngå diskriminering av homofile. Homofile som ønskjer å følge Bibelen si samlivsetiske rettleiing må støttast i det.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Dagens organisering i to arbeidsgjevarlinjer er uaktuell som modell for framtida. Korleis ein skal ha strukturane er for tidleg å konkludere på i dag. Eg er ikkje framand for lokal tilpassing; nokre plassar vil det vere mest tenleg med ein prest som leiar av staben, andre stader kan det vere ein lekemann som bør ha den posisjonen. For å sikre rekruttering må ein i første rekke sørge for gode personaltilhøve for dei som er tilsett. Det må vere godt å jobbe i kyrkja, og vi må kunne snakke godt om arbeidsplassen. Mange gjer ein svær stor innsats langt ut over det ein kan forvente, og vi må spørje oss om det skapar forventingar og press på dei som kanskje kan tenkje seg ein jobb i kyrkja? Vi må i større grad gjere oss nytte av frivillige også på område som vanlegvis har vore lønna tenester. Både guds-tenerster og forkynning kan gjerast av frivillige. Eit stikkord er samarbeid med dei kristne frivillige organisasjonane.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** I eit av vedkjenningsskriftene våre står det at til sann einheit i kyrkja skal evangeliet bli lært reint og sakramenta forvalta rett. Menneskelege overleveringar, skikkar, seremoniar og organiseringsform kan, skal og bør variere, både i tid og på ulike stader. Vi må jobbe for høg takhøgd for det perifere og semje om det sentrale. For at evangeliet skal bli lært reint må ei kvar kyrkje til ei kvar tid jobbe med å lese Bibelen og sjå kva Gud seier til oss i dag. Eg ønskjer at vi set fokus i det kristne fellesskapet på viktigheita av å lese Bibelen og snakke saman om det vi har lest, sett og høyrt. ●

## 7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

**SATSINGSOMRÅDE:** Diakoni og medarbeiderkspak er viktig for at de ressursene i menighetene kan finne sin plass og få en meningsfull tjeneste og felleskap // Ta i bruk sosiale medier for å nå ut til folk flest // Trosopplæring i en ny tid der ikke lengre bibelfortellingene er et felles referansepunkt for barn og unge // Internasjonal solidaritet med andre kristne

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg er glad i kyrkja, og voner eg kan gjøre nytte for meg med min kompetanse innan personal og organisasjon og har breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? For tida er eg primært engasjert lokalt i kyrkja. Det er her livet levast og dei gode møta kan skje. Eg vonar at visjonane kan vere med å forme identitet, skape engasjement, tilhørighet og vekke oss til teneste.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna pari i Den norske kyrkja?** Vi må leve med at det er delte meningar om dette i kyrkja vår. Eg meiner at kyrkja bør legge til rette for varig forplikting mellom to personer som er glad i kvarandre og vil dele livet med kvarandre. Når det er sagt, er det viktig at den einskilde prest har rett til å reservere seg i dette spørsmålet.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering , organisering og arbeids-gjevaransvar i kyrkja?** Vi er i ei tid med store endringar. Vi må sjå på dei alternativa som vert lagt på bordet, og ha ein open debatt om dette. Eg har ikkje tatt stilling til kva som vil verta den beste løysinga for kyrkja.



### Arbeidserfaring / utdanning:

1988 - 1995	Cand. polit. hovedfag i adm. org, samt arbeidslivspsykologi og kristendom
1995 - 2001	Kirkeverge/daglig leder, Fjell sokn
2001 - 2007	Leder service- og personal-avd., Bjørgvin bispedømme
2007 -	FMC Technologies AS, ulike stillinger. Nå TSP Group Manager
2004 - 2007	Videreutdanning, veiledning

### Kyrkjelege verv:

1990 - 1994	Medlem arbeidsutvalget, Landsrådet i NKSS
2001 - 2011	Leder, Kyrkjelydsutvalet i Nordre Fjell,
2006 - 2008	Medlem Fjell sokneråd
2002 - 2006	Styremedlem, Bjørgvin familiерådgivningskontor
2006 - 2010	Medlem landsrådet, KA

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemjø?** Det er i nattverdfelleskapen og guds-tjenestefeiringa vi har vårt grunnleggjande fellesskap. Mellommenneskeleg har vi mykje å hente i kyrkja ved å respektere kvarandre, lytte til kvarandre og snakke godt om kvarandre. ●

## 8. Ida Lindøe

**48 år. Lektor, Kvam ungdomsskule.  
Ålvik, Hardanger og Voss prosti.**

**SATSINGSMÅRÅDER:** Trosopplæring //  
Gudstjenesteliv // Religionsdialog //  
Endringsprosessen i forholdet mellom stat  
og kirke

**1. Jeg stiller til valg fordi:** Gjennom å ha engasjert meg i kirkelig arbeid i mer enn 25 år, har jeg opparbeidet meg en god del erfaring og kompetanse som jeg håper å kunne bidra positivt inn i bispedømmerådet og Kirstmøtet med. Bakgrunnen min som religionsviter mener jeg også er relevant. Jeg har et stort ønske om at så mange som mulig skal få oppleve Den norske kirke som et godt sted å komme til og få bo i. Lav terskel, inkludering i fokus. Være en god arbeidsgiver. Kirken må både klare å tilpasse seg slik hverdag og helg er for folk flest i dag, samtidig som den skal ta vare på tradisjoner både fra kirkelivet i Norge og hente inspirasjon fra den verdensvide kirken gjennom historien.

**2. Kirkens visjonsdokument (2015-2019)**  
**presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirken som • Bekjennende • Åpen • Tjenende • Misjonerende. Hvordan vil du arbeide for å virkelig gjøre dette?**

Ved å minst mulig grad bruke disse begrepene utad, er det fristende å svare. Disse ordene er fremmedgjørende for mange i folkekirken. Som hustavle eller huskeliste for kirken er visjonsdokumentet viktig. Vi skal leve det, være det, hver på vår måte. Så er det kloke mennesker i menighetene som skal se hvem som er hva og gi støtte deretter. I et myldrende mangfold der kirkedørene står på vid vegg og ønsker alle velkommen inn i hellig rom, hellig tid. For å møte Gud og for å få et ærlig møte med seg selv og andre. Eksemplene i visjonsdokumentet kan jeg helt slutte meg til.



### **Arbeidserfaring / utdanning:**

1987 - 1988	Norsk mellomfag
1989 - 1991	Fransk grunnfag
1993 - 1997	Cand. philol. UiB, religionsvitenskap

### **Kyrkjelege verv:**

1993 - 1997	Leder mm., studentmenigheten i Bergen
1995 - 1998	Medlem, kvinneutvalet i Bjørgvin bispedømmeråd
1995 - 2002	Medlem og leder Emmaus, Bergen
2011 - 2015	Leder Ålvik sokneråd, medlem Kvam kyrkjelege fellesråd
2010 - 2013	Medlem trusopplæringsutvalet i Kvam

### **Offentlege og andre verv:**

1991 - 1992	Studentrepresentant, instituttråd og fagutvalg, institutt for religionsvitenskap.
1999 - 2002	Koordinator Comenius skoleprosjekt.
2014 -	Arbeidsplassstillitsvalgt, Utdanningsforbundet

**3. Hva mener du om vigsel av likekjønnede par i Den norske kirke?** Det er min oppfatning at det er rett å vie likekjønnede par i Den norske kirke. Det er også rett å ha motsatt syn, for dem som mener det. Det må kunne

finnes gode løsninger der ulike syn kan leve side om side i Den norske kirke. For eksempel ved at det i bispedømmet/ prostiene finnes prester som vil vie likekjønnede par. Vi må gi hverandre tid og rom.

#### **4. Forholdet mellom staten og kirken er i endring. Hvilke framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeids-**

**giveransvar i kirken?** Styrken til Den norske kirke er alle kirkebyggene som gir en unik nært til medlemmene. Kirkene må være åpne og i bruk ofte. Signalbygg det er knyttet sterke identitetsbånd til gjennom bruk i de store begivenhetene i livet gjennom generasjoner. Denne tilknytningen må vi ta vare på som en uvurderlig skatt og gjøre vårt beste for å styrke. Da trengs nok ansatte med gode arbeidsbetegneler og frivillige medarbeidere som blir godt ivaretatt. Soknerådene er et viktig organ som vi i endringsprosessen må vite å verdsette. Blant annet ligger det et stort apparat av frivillige medarbeidere og veldig mye lokalkunnskap om menigheten som er viktig både historisk og praktisk. Det er særskilt viktig at soknerådene blir hørt, inspirert, får opplæring og har reell innflytelse.

#### **5. Hvordan vil du legge til rette for at kirken kan holde sammen på tross av saker med stor uenighet?**

Ved å ha blikket rettet mot det som er det overordnede ved å være kirke, og ved å se på alt vi er enige om, bygge relasjoner. Da må vi være løsningsorienterte og inngå kompromisser, være rause, gi hverandre tid og rom. Maktmisbruk og manipulering må avsløres og settes en stopper for på klokt vis. God, profesjonell ledelse i alle ledd er avgjørende. Kirken skal klare å være både en tydelig stemme når viktige verdier står på spill i samfunnet, samtidig som den skal være et sted der mennesker skal få komme med sin åndelige lengsel og finne hvile. Det vil ikke si at kirken skal «gå i spagaten» hele tiden, men det må komme mye tydeligere frem at det er mange rom i Den norske kirke. ●



## 9. Vemund Øiestad

67 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

**SATSINGSMÅL:** Gudstenesta som det viktigaste møtepunkt for kyrkjelyden // Trusopplæring med tilbod også for vaksne // Sokna som grunneining og fellesråda sin økonomi // Dia-konalt arbeid // Sikre at alle kyrkjelydar, lokale råd og styre skal ha ein fast prest i sitt nærområde.

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei nærmeste åra.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Kyrkja må bli ferdig med konfliktsaker og konsentrere seg om å skape eit betre samtaleklima. Vi må vektlegge det som eigentleg samlar oss: At Jesus er Guds Ord til menneska! Vi må respektere kvarandre og dra lasset saman tross ulike meiningar. Eg vil alltid arbeide for at ingen i kyrkja skal kjenne seg utanfor. Eg syns innhaldet i Bergpreika er eit godt grunnlag å bygge dei nemnde visjonane på.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Primaert meiner eg at kyrkja kan seie frå seg vigselretten som er ei borgarleg handling der presten opptrer etter fullmakt frå staten. Men ettersom fleirtalet truleg vil behalde vigselretten vil eg støtte vigsel av likekjønna par.

**4. Tilhovet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Prosessen med lausriving frå staten vil halde fram og kommunereforma skaper nye fellesrådsgrenser. Dette krev svar på mange nye spørsmål. Vi må få ei arbeidsgjevarlinje der alle



### Arbeidserfaring / utdanning:

1969- 1974 Odontologistudiet UiB  
1974-2001 Privat tannlegepraksis i Stryn  
2002- Sogn og Fjordane fylkeskommune, tannhelsetenesta, derav 10 år som overtannlege.

### Kyrkjelege verv:

1994 - 2011 Medlem Nordsida sokneråd  
1994 - 2001 Nestleiar Stryn kyrkjelag fellesråd  
2002 - 2011 Leiar Stryn kyrkjelege fellesråd  
Leiar Nordfjord Prostiråd

### Offentlege og andre verv:

2014- 2015 Varamedlem, etisk råd, DNT

Er alt vald.  
Kan ikkje veljast

som arbeider i lag har same arbeidsgjevar. Det er uheldig at biskopane både har tilsynsansvar for prestane og står på arbeidsgjevarsida, og arbeidsgjevaransvaret for prestane må flyttast til fellesråda. Rekruttering til m.a. presteutdanning og kvalifisert trusopplæring blir ei viktig oppgåve.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Kyrkjedemokratiet må vidareutviklast og det er viktig å arbeide for å auke deltakinga ved val. Alle tillitsvalde må uavhengig av syn i einskildsaker respektere kvarandre og skape eit godt samarbeidsklima. Limet i kyrkja består ikkje av eit sett rette meiningar og læresetningar, men det er kjærleiken frå ein Gud som elskar sine fiendar som held oss saman i trua på Kristus. ●

## 10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

**SATSINGSMÅRÅDE:** Barne og ungdomsarbeid // Samarbeidet mellom kyrkja og kristne organisasjoner // Bidra til å gjøre kyrkja meir tydleg i samfunnsdebatten

### 1. Eg stiller til val til bispedømerådet og

**Kyrkjemøtet fordi:** Eg ynskjer å vere med å bidra til å styrke den norske kyrkja sin posisjon.

### 2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)

presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande

• Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Eg vil vektleggje at visjonsdokumentet må vera fundamentet for alt arbeid i Den norske kyrkja.

### 3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna

par i Den norske kyrkja? Eg meinat det er i strid med Bibelens lære å vigsle likekjønna par.

### 4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i

endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering , organisering og arbeids-gjevaransvar i kyrkja? Alle endringsprosesser kan vera vanskeleg og føre til uro i organisasjonen. Eg vel å sjå positivt på framtidsutsiktene for rekruttering, men dette vil hengja saman med korleis ein klarar å løysa organisering og arbeidsgjevaransvaret i kyrkja. Kyrkja må vera ein ryddig og god arbeidsgjevar der arbeidstakarane har rettar som hos andre arbeidsgjevarorganisasjonar.

### 5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja

kan halda saman trass i saker med stor  
usemje? Ved å ha ein ærleg , open,ryddig og konstruktiv dialog gjennom å finna fram til løysingar som kan sameina. ●



#### Arbeidserfaring / utdanning:

1974 - 1975	Landbruksutdanning.
1989-	Bonde
1996 -	Ulike kurs i styre- og organisasjonsarbeid gjennom landbruksamvirke og Bondelaget.
2005 - 2007	Leiar, Tine områdeutval, Nordfjord og Sogn
2006 - 2008	Leiar, kontaktutvalet Nortura for Sogn og Fjordane og Hordaland
2008-2015	Fylkesleiar Sogn og Fjordane Bondelag

#### Kyrkjelege verv:

1984 - 1986	Styrelseiar Lyngmo Ungdomssenter AS
1989 - 1997	Nestleiar Stedje sokneråd, to periodar.
1989 - 1993	Medlem i Prostirådet
2007 -	Styrelseiar Lyngmo Ungdomssenter AS

#### Offentlege og andre verv:

1997 -	Domsmann og skjønsmann, Indre Sogn Tingrett
1998 -	Domsmann og skjønsmann, Gulating Lagmannsrett

## 11. Inge Wilhelm Økland

27 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjons-forbundet. Sandviken, Bergen domprosti.

**SATSINGSMÅL:** Ungdomsarbeid // Samarbeid med kristne organisasjoner // God tros- og bibelopplæring // Levende og grunnfestet tro blant medlemmene // Gode relasjoner

**1. Jeg stiller til valg fordi:** Kirken er inne i en veldig spennende tid. Valg gjort i neste periode kan få store konsekvenser for kirkens framtid. Jeg anser meg selv som en ungdom i kirkelig sammenheng, og tror det kan være positivt med noen ungdommer i bispedømmerådet.

**2. Kirkens visjonsdokument (2015-2019) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirken som • Bekjennende • Åpen • Tjenende • Misjonerende. Hvordan vil du arbeide for å virkelig gjøre dette?**

Bekjennende: Jeg ønsker fokus på god opplæring i tro og lære. Bibel- og kristendomskunnskapen er lavere i dag enn tidligere, da er det kirkens ansvar å lære medlemmene hva det innebærer å være kristen, og å lære dem opp i troens ulike sider. En god start er å oppfordre til flere Alpha-kurs. Åpen: Kirken skal være åpen for alle som trenger Guds nåde, altså alle, og alle som ønsker å være del av et kristent fellesskap. Dette bør vi invitere aktivt til. Tjenende: Mitt ønske er at flere velger å bli diakoner, og at dette kan gjøres til en mer anerkjent tjeneste. Jeg tror dette er en god måte å gjøre kirken mer tjenende på. Misjonerende: Dette trenger mye fokus. Jeg vil oppfordre den enkelte menighet til å være mer utadrettet i lokalmiljøet. En skal stort sett ikke lenger før en er på misjonsmarken.

**3. Hva mener du om vigsel av likekjønnede par i Den norske kirke?** Dette er et vanskelig spørsmål å svare kort på. Det er sammensatt, og mange enkelpersoner vil føle seg urettferdig behandlet. Jeg vet dermed godt at et kort svar



### Arbeidserfaring / utdanning:

2009 - 2014 Master i kristendomskunnskap, fordyppning i teologi

### Kyrkjelege verv:

2009 - 2011 KRIK-konfirmantleder, Storetveit/Bønes  
2011 - Konfirmantleder, Sandviken  
2014 - Varamedlem i Bjørgvin bispedømmes ungdomsråd

vil virke unyansert, men jeg er i mot at kirken skal vie likekjønnede.

**4. Forholdet mellom staten og kirken er i endring. Hvilke framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgiveransvar i kirken?** Jeg ser for meg at rekrutterings- og arbeidsgiveransvaret fordeles mer lokalt. Trolig vil det enkelte sogn måtte ta mer ansvar for rekruttering til kirkelige jobber blant egne medlemmer. Dette kan forhåpentligvis føre flere unge til å utdanne seg til jobber innenfor kirken.

**5. Hvordan vil du legge til rette for at kirken kan holde sammen på tross av saker med stor uenighet?** Rette fokuset mot det sentrale, at Jesus er vår Herre og frelser. Alle diskusjoner i andre saker må ses i lys av dette. Samtidig ønsker jeg at diskusjoner om vanskelige tema skal være seriøse og saklige. Målet må være å finne sannheten, ikke at vi holder sammen for enhver pris. ●

## 12. Hildegunn Kalvenes

68 år. Pensjonert helsesøster.  
Austevoll, Fana prosti.

**SATSINGSMÅRDE:** Oppfølging av dåpsbarn // Tilbod til unge familiær om barneoppdragelse, samlivskurs // Oppfølging av frivillige arbeidrarar // Ulike gudstenesteformer

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkynning til omvending og frelse. Ynskjer å vera med å fremme at kyrkja står på Guds ord.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som •Vedkjennande •Open •Tenande •Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? At dei som vert tilsett er tru mot Guds ord. Arbeide for at nye som kjem til gudsteneste vert ivaretatt og får tilbod om å vera med i mindre fellesskap om ynskjeleg. Skape møteplassar for ulike aldersgrupper for undervisning og fellesskap, der den enkelte vert sett og ivaretatt. Besøksteneste for sjuke og einsame. Arbeide for å få meir misjonsinformasjon i kyrkje-lyden, gjerne knytte til seg vennskapskyrkjelyd.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Ekteskapet er mellom mann og kvinne. Kan ikkje gå inn for vigslung mellom likekjønna par.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering , organisering og arbeids-gjevaransvar i kyrkja?** Eg har ikkje gjort meg opp nokre tankar om dette.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Trur det er viktig å komme sammen i uformelle sammenheng, lytte til kvarandre, vise respekt for ulike standpunkt. Ha klart for seg at kyrkja er kalla til å forkynne evangeliet til frelse. ●



### Arbeidserfaring / utdanning:

1969 - 1972	Arbeida ved sjukehus
1976 -	Helsesøsterutdanning
1977 - 2010	Austevoll kommune, helse-søster i vel 15 år, ved sjukeheim i vel 15 år

### Kyrkjelege verv:

1998-2008	Austevoll sokneråd, to år som leiar
-----------	-------------------------------------

### Offentlege og andre verv:

1980 - 1988	Helse/sosialstyre
1982 - 1984	Formann Austevoll Kr.F
- 2012	Meddommar heradsretten i vel 25 år

## 13. Bjørn Sandvik Sølsnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

**SATSINGSOMRÅDE:** At kyrkja er tilstades lokalt // At kyrkja når ut til folk // At fleire finn vegen til kyrkja // At kyrkja fylgjer Guds ord

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg er reflektert og engasjert. Eg kjenner meg heime i kyrkja, og vil bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid med store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)**  
presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? a) Kyrkja skal vedkjenna og halda fast på den treeinige Gud som skapar, livgjevar og frelsar, og Bibelen som Guds ord. b) Kyrkja er open for alle, og alle som kjem til kyrkja skal takast inn i varmen og inkluderast i felles-skapen. c) Kyrkja er ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Dette gjeld både i kvardagen, høgtidene og i vanskelege stunder. Kyrkja skal vera til stades i liva til folk. d) Kyrkja skal formidla den kristne bodskapen til folk som lever i dag.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Bibelen er klår på at ekteskapet er mellom mann og kvinne. For meg er ikkje dette eit spørsmål om homofile, men om bibelsyn. Eg trur Bibelen er Guds ord og kan ikkje stå inne for ei endring av ekteskapsforståinga. Gud, ikkje me, skal døma. Me må i større grad inkludera og respektera homofile, men dette tyder ikkje at me skal endra ekteskapsforståinga.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Me må sikra at kyrkja framleis er til stades lokalt og er lokalt forankra. Staten må stilla tilstrekkelege midlar til råd velde. Kyrkja skal



### Arbeidserfaring / utdanning:

2011 - 2014 Allmennfag, Sogndal VGS

### Offentlege og andre verv:

2013 -	Leiar, Leikanger bondelag
2013 -	Leiar, Senterungd. Midtre Sogn
2013 -	Fylkesstyremedlem, Senterungdomen Sogn og Fjordane
2013 -	Styremedl., Norsk Bokreidingslag
2014 -	Leiar, Leikanger Mållag

stå på eigne bein i spørsmål om tru og lære. Ny kyrkjeordning er ei stor sak med mange utfordringar og mogelegheiter. Eg kjenner ikkje alle sider av saka godt nok no, men vil setja meg grundig inn i dette før eg tek stilling. For å sikra lokal forankring og presten si særstilling som forkynnar må det framleis vera to tilsetningslinjer.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemjø?** Me må føra ein konstruktiv dialog med respekt og forståing for kvarandre sine meininger. I mange tilfelle kan me koma fram til gode mellomlysingar. Dei tilsette må ha ansvarsfridom i arbeidet så dei kan utføra arbeidet med glede. Saker som handlar om tru, lære og bibelsyn er ekstra vanskelege. Eg trur ikkje noka einskild sak er kyrkjespittlende, men i sum kan spenninga verta så stor at splittinga er eit faktum. Me må vera medvitne om at faren for splitting er reell og velja løysingar som motverkar dette. ●

## 14. Kjellfrid Torunn Mæland

64 år. Førsteamanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

**SATSINGSMÅL:** Inkludera og engasjera unge familiar i kyrkjelydane // Vidareutvikla ei aktiv besøksteneste i kyrkjelydane // Styrka trusopplæringa for barn og unge // Stimulera til gode kulturopplevingar i kyrkjelydane

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg fekk spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Det er meiningsfylt og spennande å delta i kyrklege utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Det er viktig å ha fotfeste i den lokale kyrkjelyden. Visjonane får fram eit mangfald, og det vil vera ei omfattande og viktig oppgåve å setja seg inn i kva som ligg i desse omgrepa gjennom ulike saksdokument og drøftingar i bispedømerådet og i Kyrkjemøtet.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg forstår at dette spørsmålet kan bli sett på som ein test på om me har ei inkluderande kyrkje. Kva vil det seja å vera ein del av ei verdsvid kyrkje og det å vera ei moderne, samfunnsmedviten kyrkje? Går det an å ta avstand frå eit eige vigselsritual for likekjønna par, og likevel bli i kyrkja? Korleis vert forholdet mellom eit eventuelt fleirtal som er for, og eit mindretal som er mot? Eg er i tvil om det er rett å laga særskilde kyrklege vigselsritual i tillegg til det me no har, og eg går prinsipielt inn for borgarleg vigsel for alle, då vigsel ikkje er eit sakrament, og med invitasjon til kyrklege forbøn for dei som ønskjer det, inkludert likekjønna par. Slik forbøn kan også inkludera einslege og deira situasjon.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i**



### Arbeidserfaring / utdanning:

1977 - 1984 Lærar, Framnes Folkehøgskule  
1985 - 1991 Lektor, Norsk Lærerakademi

### Kyrklege verv:

2002 - 2005 Medlem, Stord sokneråd  
2010 - 2015 Styremedl., Stord kyrkeakademi

**endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Når det gjeld rekruttering, trur eg det vert viktig motivera unge til kyrklege stillingar. Ikkje minst vil det vera viktig å ta om-syn til unge familiar sin kvardag når det gjeld arbeidstidsordningar og praktisk tilrettelegging. Det er viktig å styrka kompetansen når det gjeld arbeidsgjevaransvaret, særleg på bispedøme- og lokalt nivå. Det vert ei utfordring korleis ein kan kombinera gode løns- og arbeidsforhold for tilsette med det å engasjera frivillige i kyrkjelyden.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Eg er samd med dei som seier at me bør utvikla ein kultur som er open for at det kan vera stor usemje. Samstundes er det viktig å minna kvarandre om at me har eit overordna fellesskap gjennom sakramenta. Ein kan setja ulike tema på dagsordenen gjennom t.d. undervisning og diskusjonar. Her tenker eg at både lokalt og nasjonalt leiarskap er viktig for å få gode prosesser. ●

## 15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande.  
Selje, Nordfjord prosti.

**SATSINGSMÅRÅDE:** Trusopplæring // Sundagsskule // Ungdomsarbeid, også i samarbeid med organisasjoner, mykje musikk! // Eldre og ensomme, oppsökande virksomhet // Pilegrimsvandring

**1. Eg stiller til val fordi:** Fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynske om å delta.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)**  
presenterer Den evangelisk-lutherske folke- kyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Det er viktig at kyrkjarbeidet er syneleg og inkluderande i lokalsamfunnet, og at kyrkja har eit godt samarbeid med lokale organisasjoner. Planlegge aktivitetar der folk er. Ha ein lav terskel for å møte folk.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Vanskeleg spørsmål som eg ikkje har tenkt ferdig.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering , organisering og arbeids- gjeveransvar i kyrkja?** Ynskjer helst ei statskyrkje som i dag. Blir Stat og kyrkje skilt, må kyrkja drivast på linje med andre trussamfunn.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Fokusere på dei store viktige sakene som dei alle fleste er samde om. Lag gode arena for drøftingar for saker som er vanskelege og som splittar. Vere opne, lyttande og ha respekt for kvarandre. ●



### Arbeidserfaring / utdanning: Vidaregående skule

#### Offentlege og andre verv:

1992 - 1999	Leiar i Hovudutval for skule og barnehage i Selje
1997 - 1999	Varaordførar
1999 - 2011	Ordførar
2009 - 2011	Leiar i Nordfjordrådet Medlem div. styrer

## 16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

**SATSINGSMÅRÅDE:** Det skal bli like naturlig å benytte kirkens tilbud ellers i året som det er på julafoten // Barnearbeid // Ungdomsarbeid // Økonomi

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg vil vera ein representant for mangfaldet.

**2. Kyrkjå sitt visjonsdokument (2015 - 19)**  
presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande  
• Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Vedkjennande: Kyrkjå skal være tydeleg. Open: Det skal være plass til alle, utan å være dømmande. Tenande: Kyrkjå har fått frå skulen oppgåva med undervisning i den kristne trua. Misjonerande: Kyrkjå må delta i det opne rom med si tru.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Å ha ei klar mening der, er som å hella bensin på bålet. Eg har inga klar formeining.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkjå er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekrytering , organisering og arbeids- gjeveransvar i kyrkjå?** Kyrkjå vil alltid forbli ei kyrkje der både fast tilsette og frivillige vil ha sin plass.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkjå kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Ved å fokusera på det ein ikkje er usamd om, vil ein sjå at det er lite ein ikkje kan semjast om. ●



**Arbeidserfaring / utdanning:**  
Teknisk Fagskole, Postskole, Bl

**Kyrkjelege verv:**  
Økonominemd

**Offentlege og andre verv:**  
Os Ys men klubb President  
Ys men Region Norge kasserer  
Politikk

## 17. Jostein Bildøy

49 år. Dagleg leiar. Førde,  
Sunnfjord prosti.

**SATSINGSMÅRDE:** Universelt utforma felleskap // Samspel organisasjon og breiddetiltak // «Helse på ein ukjent ven» // Sansebasert formidling // Stolt eigarskap!

**1. Eg stiller til val fordi:** Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussam-funn og folkekirkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19)** presenterer Den evangelisk-lutherske folkekirkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette? Eg vil arbeide for å vidareutvikle samspelet trusopplæring, diaconi, gudstenesteliv og organisasjonsarbeid. Eg vil arbeide for at vi kan seie høgt at vi er stolt av å høyre til den kristne tru og å vere medlem i folkekirkja. Eg vil arbeide for at at det blir oppretta faste møtepunkt med løna og frivillige saman, der ein utvikler felles eigarskap og merkevarebygging for kyrkja sitt arbeid lokalt. Slik kvalitetssikrer vi folkekirkja sitt arbeid og gjer dei ulike sidene meir interessant å delta i.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg støtter Kyrkjemøtet sitt vedtak om at ekteskapet er mellom mann og kvinne. Dette er eit teologisk dilemma, men er også i samsvar med det almenne syn dei lutherske kyrkjer eg har kontakt med i Europa inneheld. Det skaper sår når nokon ikkje



### Arbeidserfaring / utdanning:

- 1991- 1994 Kristendom mellomfag m/evangelistutdanning  
1994 - 2012 Søndagsskulekonsulent, Søndagsskolen Norge (Sogn og Fjordane)  
2007 - Dagleg leiar J Bildøy JOVISJON Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar  
2008 - 2011 Internasjonal konsulent, prosjekt Søndagsskulen Norge  
2012 - 2014 Fylkessekretær KrF, Sogn og Fjordane

### Kyrkjelege verv:

- 2012 - Økonomiutval Førde sokneråd  
2014 - 2014 Komitéleiar, Ung natt 15-18, Sunnfjord prosti trusopplæringsutval

### Offentlege og andre verv:

- 2002 - 2005 Styreleiar, Norsk Kristeleg Studieråd Sogn og Fjordane  
2004 - 2006 Tilsettes representant, landsstyret Søndagsskolen Norge  
2007 - 2011 Varamedlem Gjensidige eigarutval, Sogn og Fjordane  
2009 - 2011 Styremedlem European Lutheran Sundayschool Association  
2010 - 2012 Medlem plankomite, Søndagsskolen Norge

kjenner seg fullverdig inkludert, og det teologiske dilemma tar ikkje vekk fokuset på at det er viktig å arbeide for involvering og inkludering av enkeltmennesket uavhengig av legning.

**4. Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Den norske kyrkja er utfordra på å sjå den enkelte tilsette i ei tid då arbeidsområder er i endring. I utgangspunktet syns eg organisering på sokn, prosti, bispedøme og nasjonalt kyrkjenvå er tenlege. Men infrastruktur, høvet til å arbeide saman med kolleger og lokalt eigarskap til kyrke-lydsfellesskapet er viktige kriterier eg vurderer tenlege arbeidsområder etter. Ein felles arbeidsgjevar for alle stillingstypar blir viktig for eit motiverande og samstemt teamarbeidi i kyrkja. Klare roller for dei ulike stillingstypar og høvet til arbeidsfellesskap er viktig for framtidig rekruttering til stillingar i kyrkja. Dette arbeidet må halde fram.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Eg vil arbeide for å synleggjere samtalens som verktøy. Samtalen som verktøy handlar om å kunne prate og å bli kjent med andre sine synspunkt, samtidig som ein tar vare på respekten for kvarandre sin ståstad. Samtalen tilfører kunnskap og refleksjon om eigne og andre sine synspunkt. Samtalen blir slik eit middel, men ikkje det einaste, så vi kan vere trygg på kvarandre i det folkekirkjelege fellesskap og i organisasjonslandskapet. ●



# Egil Morland

Supplert kandidat

**65 år. Førsteamanuensis.  
Fjell, Vesthordland prosti.**

Supplerte kandidatar er nominerte ved forslag frå minst 75 underskrivarar etter at nominasjonskomiteen var ferdig med si prioriterte liste. Dei er med på lista som alle andre kandidatar og rekkefølga er bestemt ved loddtrekking.



**SATSINGSMÅRÅDE:** At det vert eit reelt skilje mellom kyrkje og stat, slik at vi får ei tenleg kyrkjeordning // At det må verta satsa på heimen som trusformidlar // At vi må vera meir opptekne av forkynninga i kyrkja // At vi må knyta alliansar og vera kreative i å involvera folk flest i kyrkja sitt liv

**1. Eg stiller til val fordi:** Dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1 ½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkjerådet.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonærande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?** Det er berre når alle desse vakre orda spelar saman, at vi kan realisera dei. Eg opplever til dømes at misjonstanken er under press i dag. Det er mi overtyding at det først er når kyrkja står tydeleg fram (vedkjennande), at ho best kan opne seg mot alle i eit tenande fellesskap. Eg vil arbeida for å verkeleggjera dette ved å synleggjera og gje frimot til dei mange tusen frivillige sin innsats i kyrkja.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg er overtydd om at ekteskapet er for éin mann og éi kvinne, noko liturgien for vigsel tydeleg viser. Spørsmålet er

## Arbeidserfaring / utdanning:

1978 - 1989	Kallskapellan Voss og sokneprest i Sund
1989 - 2001	Stiftskapellan Bjørgvin
2002 - 2009	Studiesjef og rektor ved NLA Høgskolen
2010 -	Lærar i praktisk teologi og i leiing i kyrkja Bjørgvin, ved NLA Høgskulen.

## Kyrkjelege verv:

2000 -	Leiar for Morland og Morlandstø bedehus
2009 -	Bjørgvin bispedømeråd
2012 -	Kyrkjerådet og AU for Kyrkjerådet
2014	Fagleg-etisk utval i Menneskeverd

## Offentlege og andre verv:

1991 - 2003	Fjell kommunestyre
1999 - 2003	Varaordførar, Fjell kommune

ikkje om kyrkja kan utvida denne ordninga til også å gjelda likekjønna, men om ho har mandat til å endra heile si ekteskapsforståing. Det har ho etter mitt syn ikkje. Her viser eg til svaret på spørsmål 5.

**4. Tilhovet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for**

**rekrytering , organisering og arbeids-gjeveransvar i kyrkja?** Det må bli eit reelt skilje mellom kyrkje og stat. Eg er oppteken av at Stortinget skal bestemma så lite som råd er når det vert laga ein lov for kyrkja, og at kyrkja sine eigne organ får utforma vegen vidare. Framtidsutsiktene for rekrytering, organisering og arbeidsgjeveransvar vert ikkje vesentleg påverka av skiljet frå staten. Vi må arbeida hardt for å formidla at det både er meiningsfullt og attraktivt å arbeida i kyrkja, men også tala sant om at det er utfordrande. Eg er blitt meir og meir oppteken av at soknet er grunneininga i kyrkja, og at så mykje ansvar som råd er må leggjast nær den lokale forsamlinga.

#### **5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor**

**usemje?** Det kan berre skje ved at vi saman tek innover oss at det er Guds ord som set grenser for kva usemje som kan tolast. Eg har i mange ulike roller arbeidd for samhald og einskap. Men kyrkja kan ikkje hindra at mange vert passive eller melder seg ut, dersom vi gjer feile val. Vi kan leva med stor usemje, men ikkje med ordningar som motseier kvarandre og skaper forvirring om kva kyrkja lærer. Difor er dette valet så viktig. ●

# Marte Seip

Supplert kandidat

**69 år. Pensioner lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.**

Supplerte kandidatar er nominerte ved forslag frå minst 75 underskrivarar etter at nominasjonskomiteen var ferdig med si prioriterte liste. Dei er med på lista som alle andre kandidatar og rekkefølgen er bestemt ved loddtrekking.



**SATSINGSMÅRÅDE:** Gudstjeneste og forkynnelse // Trosopplæring // Diakoni og bygging av fellesskap // Misjon og nødhjelp // Medarbeiderutvikling både for tilsatte og frivillige

**1. Eg stiller til val til fordi:** Kyrkja og dens arbeid ligg meg på hjartet. Vi er nå inne i en viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturer på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meinar eg eg kan representere små kommunar og prostier med mange sokn og kommunar.

**2. Kyrkja sitt visjonsdokument (2015 - 19) presenterer Den evangelisk-lutherske folkekyrkja som • Vedkjennande • Open • Tenande • Misjonerande. Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?** Eg vil leggja vekt på det lokale arbeidet og ressursar til dette. Konsulenter og rådsstruktur på bispedømme og riksplan må styrke det lokale arbeid ved opplæring, veiledning og formidling av nyttige erfaringar.

**3. Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?** Eg er ikkje sikker på kva kyrkja bør gjøre på alle punkt når det gjeld dette. Eg meiner ikkje dette spørsmålet bør vere av dominante viktighet når det gjeld kven som vert tilsett eller valgt til verv i kyrkja.

**4. Tilhovet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for**

## Arbeidserfaring / utdanning:

1966 - 1972	Legeutdanning
1973 - 1974	Turnusteneste, Molde sjukhus og i Nesset kommune
1974-1977	Ansatt i Kirkens Nødhjelp, Sør-Sudan og Pakistan
1977 - 2013	Primærlegearbeid i Eidfjord kommune og Ullenvang herad.

## Kyrkjelege verv:

1963 - 66	KFUK speiderleder
1973 - 74	KFUK speiderleder
1978 - 2003	KFUK speiderleder
1981 - 1989	Medlem Eidfjord sokneråd og fellesråd
1985 - 1993	Medlem Bjørgvin bispedømmeråds diakoniutvalg
1989 - 1994	Representantskapet
1997 - 2015	Medlem Eidfjord sokneråd og fellesråd
20 - 30 år	Kirkens nødhjelp; prosti-, senere distriktskontakt og soknekontakt
2013 -	Veigrepssstyret

**rekruttering , organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?** Eg tvilar på at til-

hovet til staten er avgjerande for rekruttering av tilsette eller frivillige i kyrkja. Derimot står vi nok foran mange viktige valg når det gjeld organisering og arbeidsgjevaransvar. Kanskje

må vi godta å halde fram med to arbeidsgjevar-linjer,for å få store nok einingar for vigsla tilsette, utan å trekke for mykje ressursar og avgjersmynde vekk frå fellesråd/lokalplan.

**5. Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?** Ved å leggje vekt på det viktigste som vistår saman om: Ei Kristusfokusert forkynning,bygging av fellesskap der vi kan møtast bli kjende og arbeid sammen med viktige praktiske oppgåver. ●



# Kyrkjevalet 2015

## Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13.–14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har eigne kandidatlister. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemer.

Du  
kan på-  
verka!

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sett opp på vallista i prioritert rekjkjefølgje. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkefølgja har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvart kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

## Slik går du fram når du skal velja kandidatar

**A** Du kan leve røystesetelen utan endringar.

- Alle kandidatane på setelen får då ei røyst kvar.

**B** Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

- Kandidaten får då to røyster.
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.
- Andre endringar vil ikkje telje med.
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.

Val av leike medlemmer til bispedømeråd og  
Kyrkjemøtet - EKSEMPEL  
(13.-14. september 2015)

- |   |   |
|---|---|
| <input type="checkbox"/> 1. Ol            | BRÅK, ØR, ØRNHEIMEN OG LUND, ØRSTED             |
| <input checked="" type="checkbox"/> 2. Ol | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED        |
| <input type="checkbox"/> 3. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED        |
| <input type="checkbox"/> 4. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 5. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 6. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 7. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 8. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 9. Kn            | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 10. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 11. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 12. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 13. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 14. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 15. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 16. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 17. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 18. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 19. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 20. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 21. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 22. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 23. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 24. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 25. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 26. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 27. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 28. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 29. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 30. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 31. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 32. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 33. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 34. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 35. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 36. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 37. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 38. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 39. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 40. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 41. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 42. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 43. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 44. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 45. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 46. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 47. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 48. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 49. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |
| <input type="checkbox"/> 50. Kn           | ØRSTED, ØR, STAMMADYSEN OG TØYLT, ØRSTED, TØYLT |

Kyrkjevalet  
2015

### Supplerande kandidatar

1. KJELL FRØYSHØI, ØR, ØRNHEIMEN OG LUND, ØRSTED

Det er ikke mulig å stemme på kandidatar som ikke er nominert til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Kandidatar som er nominert til bispedømeråd og Kyrkjemøtet må stemme opp om å bli supplert i prioritert rekjkjefølgje. Eventuelle kandidatar som ikke er nominert til bispedømeråd og Kyrkjemøtet må ikke stemme.

Det er ikke mulig å stemme på kandidatar som ikke er nominert til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.